

Kort om konfirmasjon

- Alle kan delta i konfirmasjonstida
- Opplegget varer frå august 2025 til mai 2026
- Du melder deg på ved å møte på informasjonsmøtet OG melde deg på i nettskjema
- Dei fleste blir konfirmerte det året dei går i niande klasse
- Det finst mange grunnar til å velje konfirmasjon i kyrkja, blant dei er tradisjon, utforske tru og meininga med livet. Mange synes leirane våre er kjekke!
- Det blir ikkje stilt krav til kva du meiner eller kva du trur på
- Du får reflektere og tenkje kritisk
- Du lærer om kristen tru, men også tema som klima, rettferd, sex og identitet
- Det einaste kravet for å bli konfirmert er å vere døypt, og det kan du bli i løpet av året
- Meir om konfirmasjon i kyrkja finn du på kyrkja.no/konfirmantiørsta2026 eller ved å skanne QR-koden

Kontakt oss gjerne på telefon 70 04 86 40, eller på e-post postmottak@ørsta.kyrkja.no

Helsing Den norske kyrkja i Ørsta

Denne brosjyren vert sendt til kyrkja sine medlemmer fødde i 2011, og direkte til trosopplæringsabonnentar med born fødde i 2011. QR-koden fører til kyrkja.no/konfirmantiørsta2026.



No er det din tur

KONF IRM AN 20 ✝ 26



DEN NORSKE KYRKJA
Ørsta kyrkjelege fellesråd



Velkomen til konfirmasjon!

No er det berre eitt år til konfirmasjonsdagen. Det blir ein festdag, og du har mykje å sjå fram til på vegen fram dit!

Kva kan eg glede meg til?

Du kan glede deg til å bli ein del av eit fellesskap. Du kan òg sjå fram til å lære mykje spennande om deg sjølv, om tru, om Gud og den verda du er ein del av.

Konfirmasjonsdagen er ein skikkeleg festdag, som du kan glede deg til! Her blir alle som er konfirmantar feira i kyrkja. I gudstenesta ber vi ei bøn om at Gud velsignar deg, og om at Gud styrkjer deg på vegen vidare i livet

Tidlegare konfirmantar fortel at høgdepunkt frå konfirmantåret er leir og konfirmasjonsdagen.

Kven kan bli konfirmant?

Alle kan bli konfirmant i kyrkja! Velkommen uansett om du trur, ikkje trur eller er litt usikker. Det einaste kravet er at du er døypt innan konfirmasjonsdagen. Om du ikkje er døypt frå før, er det ikkje noko problem. Mange blir døypt i løpet av tida som konfirmant

Kyrkja er eit mangfaldig fellesskap, og vi ønskjer at alle skal få ei god konfirmasjonstid. Om det er behov for individuell tilrettelegging, er det berre å ta kontakt.

Korleis ser opplegget ut?

I konfirmasjonstida er du med på:

- Informasjonsmøte
- Avspark
- Presentasjonsgudsteneste
- Undervisningssamlingar knytt til ulike tema
- Leir på Sunnmøre folkehøgskule i Ulsteinvik
- Fasteaksjon (ein innsats for andre!)
- Deltaking i gudstenester
- Konfirmasjonsdagen

Vi gir meir informasjon om dette på foreldremøtet i juni. Dersom du har spørsmål til opplegget, kan du kontakte oss.

Informasjonsmøter i veke 23/24

I år inviterer vi til informasjonsmøter om konfirmanttida i juni. På dette møtet vil vi at du som vil vere konfirmant møter, saman med foreldre/føresette. Vi gir informasjon om opplegget og om påmeldinga, og det vert høve til å stille spørsmål.

ØRSTA KYRKJE:

8A og 8B: torsdag 5.juni kl 1730-1830

8C, 8D og 8E: torsdag 5.juni kl 19-20

HJØRUNDFJORD KYRKJE:

tysdag 10. juni kl 18.00-19.00

VARTDAL KYRKJE: torsdag 12. juni kl 18.00-19.00

Påmelding på kyrkja.no/konfirmantiørsta2026 innan 30.juni

Påmelding på kyrkja.no/konfirmantiørsta2026. Finn linken "Påmelding til konfirmantåret 25/26". Konfirmant og føresette må gjere dette saman. Fristen for å melde seg på er 30.juni. Opplegget kostar kr 2200,- og vert fakturert i løpet av hausten. Ta kontakt med oss om du har utfordringar knytt til betaling.